

Sabima kartleggingsnotat 20-2020

Insektkartlegging i Suldal i 2020

Av Solveig Apeland og Eva Songe Paulsen



Figur 1, lokalitet på Tjøstheim



Insektkartlegging i Suldal i 2020

Samandrag:

Årets prosjekt var som planlagt mindre omfattande enn i 2019. Me har brukt kun to fanstmetodar: Lysfelle og håving/plukking. Me har hatt hovudfokus på sommarfuglar i lysfella(fotografi), og på solitære bier elles(beslag), men me har og inkludert enkelte biller, graveveps og blomsterfluger og anna i samlingane. Likevel har me til saman hatt ein god del fleire samledagar enn i fjor og dermed eit meir representativt utval artar.

Litt av planen vår dette året var å finna nye lokalitetar, og her har spesielt ein utmerka seg: Området mellom Berrmoen og Storabruhaugen på Tjøstheim, figur 1. Me planlegg å fortsetja undersøkingar her neste år.

Tilsaman har me teke bilete av om lag 370 individ sommarfuglar frå lysfelle fordelt over 10 forskjellige datoar frå mai til august.

Me har samla omtrent 300-350 solitære bier, nokre graveveps, nokre blomsterfluger og nokre biller. Artsidentifikasjonen er så smått starta, men mykje arbeid gjenstår.

Emneord: artsregistrering, insekter, Suldal, Tjøstheim, Tengesdal, Røynevarden.

Metodar og lokalitetar

Lysfellefangst:

I området Tengesdal i Hylsfjorden, Suldal blei det til sett opp lysfelle følgande datoar:

30.05.2020

31.05.2020

01.06.2020

27.06.2020

11.07.2020

12.07.2020

25.07.2020

01.08.2020

14.08.2020

15.08.2020

Det er teke bilete av om lag 370 individ sommarfuglar og nokre biller. Bileta er leverte til konservator Alf Tore Mjøs ved Stavanger museum og me registrerer desse på artsobservasjoner.no når me får resultatata. Me har ikkje hatt anledning til å setta opp lysfella andre stader enn ved bebyggelsen (ei hytte), då me er avhengige av straum. Området ligg i ein fjordarm med sørvendt, bratt li med mykje



edellauvskog. Det er mykje varmekjær lauvskog og gamle, styva tre i området, samt område med gammalt kulturlandskap. I området lenger ute i fjorden finn ein bl.a. Ørland edellauvskogsreservat <http://www.miljostatus-suldal.no/natur-og-kultur/naturreservat/orland-naturreservat/> der det er funne mange sjeldne planter.

Håving:

Datoar: 30.05.2020 – 16.08.2020

Fokuset har vore hovudsakleg på solitære bier, då me dette året ønska å kunne artsidentifisera mesteparten av beslaga sjølve. Samtidig har me teke med andre interessane funn, blant anna *Chrysolina geminata* (Figur 2), funnen ved Røynevarden langs Suldalsvatnet. Det er kun eitt registrert funn på artskart frå Rogaland av denne arten frå før, som sannsynlegvis mest av alt illustrerer at indre Ryfylke er lite kartlagt og at arbeidet derfor er viktig.

Me har arbeidd mykje kvar for oss, men hatt 1 tur saman. Me har samla omtrent 300-350 solitære bier, nokre graveveps, nokre blomsterfluger og nokre biller. Identifikasjonsarbeidet har starta, men me har framleis mykje arbeid føre oss. På grunn av Covid-19 har me ikkje hatt anledning til å møtast for identifiseringsarbeid, men håpar å få til dette etter kvart.



Figur 2, Chrysolina geminata



Lokaliteter, Figur 4:

Me har vore på forskjellige lokaliteter denne sesongen, dei viktigaste er beskrivne under.



Tengesdal, Hylsfjorden, Suldal og ut langs fjorden til Vanvik, langs veg og beiteområder, samt langs skogsveg opp til ca 400moh over Ørland naturreservat. I dette området blei det også samla i 2019.


Tjøstheim, Suldal:

Kalvamoen: Rikelig hageblomar og nærleik til furuskog og blandingskog. Myr (Kjøtmyra) med bekkeleie.

Hagane (område ved Berrmoen): Her har me funne ein svært artsrik lokalitet med bekkeleier, gamal beitemark og morenegrunn, sørvendt og solrikt til trass for at det er den nordvende sida av Suldal. Me håpar å få sett opp malaise-telt her i 2021 dersom me får til avtale med grunneigar. (WGS84 desimal (lat, lon) 59.475877, 6.473705). Insektfangst er etter avtale med grunneigar Ola J. Tjøstheim.








Figur 3, eit lite utval av artane på lokaliteten

Grusveg mot Galland: Her er blant anna morene og eit gamalt sandtak. Insekfangst etter avtale med grunneigar Håkon Nerheim. (WGS84 desimal (lat, lon) 59.477735, 6.446335)

Røynevarden, husmannsplass langs Suldalsvatnet. (WGS84 desimal (lat, lon) 59.601095, 6.760755). Her er det gjort ein del kartlegging tidlegare år.

Hålandsdalen, Erfjord Suldal. Lite undersøkt område med blandingskog og sørvende lier. Enkelte flekkar med morenegrunn.



Figur 4, lokaliteter i Suldal kommune

I tillegg har det blitt samla solitære bier andre stader i Rogaland enn ovannemnde lokalitetar, for det meste i Sandnes.

Litteratur:

Ingen aktuelle kildehenvisninger i denne rapporten.